

---

Saksnr: 2020/79391-1  
Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland,  
Eva Kristin Svidal

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

## Revidering av retningslinjer for ordninga Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek reviderte retningslinjer for tilskotsordninga *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* slik dei ligg føre i vedlegget.

### Samandrag

Utval for kultur, idrett og integrering(KULII) vedtok retningslinjer for tilskotsordningar under budsjettposten Stønad etter vedtak 21.01.20 i sak 2/2020: *Fordeling av budsjettposten Stønad etter vedtak. Tilskotsordningar og retningslinjer* Midlane skulle fordelast mellom *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* og *Tilskot til prosjekt og tiltak- frivillig kulturliv*. KULII tildelte midlar gjennom desse to ordningane etter vår- og haustfrist.

Fylkesdirektør ser det som at desse to ordningane under *Stønad etter vedtak* fungerer ganske bra etter føremålet med dei retningslinjene dei har hatt i 2020. Det har likevel vore nokre utfordringar og problemstillingar særleg knytt til *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* som bør løysast gjennom noko justering og revidering av retningslinjene.

I denne saka vert det lagt fram forslag til noko reviderte retningslinjer for Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur. Retningslinjene for ordninga for det frivillige kulturlivet ligg uendra. Det viktigaste ved revideringa er at ein no ikkje vil støtte kunst i produksjonsfasen gjennom denne ordninga. Elles er revideringa i stor grad av språkleg art.

Reviderte retningslinjer er vedlagt.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør

Ronny B. Skaar  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

#### Søknader 2020

Utval for kultur, idrett og integrering vedtok retningslinjer for tilskotsordningane under budsjettposten Stønad etter vedtak 21.01.20 i sak 2/2020: *Fordeling av budsjettposten Stønad etter vedtak. Tilskotsordningar og retningslinjer*. Midlane skulle fordelast mellom *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* og *Tilskot til prosjekt og tiltak- frivillig kulturliv*. Tildelingar gjennom dei to tilskotsordningane under stønad etter vedtak vart vedteke i KULII etter dei to årlege fristane, i møte 4. juni og 25. november.

Det var 4 423 000 kr under budsjettposten Stønad etter vedtak i 2020, som vart fordelt mellom denne dei to ordningane på bakgrunn av innkomne søknadar. Interesse for ordninga har vore stor, særleg ved vårfristen.

#### Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur

##### Vår 2020

Tal på søknadar: 197  
Tal på søknadar som fekk tilskot: 39  
Samla søknadssum: 15 046 855  
Samla løyving for innstilling: 1 510 000

##### Haust 2020

Tal på søknadar: 100  
Tal på søknadar som fekk tilskot: 41  
Samla søknadssum: 5 653 972  
Samla løyving for innstilling: 1 577 000

#### Tilskot til prosjekt og tiltak- frivillig kulturliv

##### Vår 2020

Tal på søknadar: 121  
Tal på søknadar som er innstilt for tilskot: 22  
Samla søknadssum: 6 227 438 kr  
Samla løyving: 721 000 kr

##### Haust 2020

Tal på søknadar: 42  
Tal på søknadar som vart tildelt støtte: 17  
Samla søknadssum: 2 017 026 kr  
Samla løyving: 615 000 kr

Som vist i oversikta var det betydeleg færre søknader ved haustfristen enn ved vårens frist, men det er ved begge fristane mange fleire som søker og er innanfor kriteria enn det var høve til å tilrå støtte til. Det vart svært strenge vilkår for å få tilrådd støtte ved vårfristen, men ein ønskja å halde igjen omlag halvparten av budsjettet til hausttildelinga. Dette var første året og i tillegg var mange søknader frå vårfristen trekt og varsla utsett pga koronasituasjonen.

Fylkesdirektør ser at desse to ordningane under *Stønad etter vedtak* fungerer ganske bra etter føremålet med dei retningslinene dei har hatt i 2020. Der har likevel vore nokre utfordringar og problemstillingar særleg knytt til *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* som bør forsøkast løysast gjennom noko justering og revidering av retningslinene.

Elles er det jamleg arbeid med å justere og forbetre den informasjonen som ligg på nettsidene og ordningar. Dette er også ein del av fokuset på Klart språk.

Det vanskelegaste i handsaminga av søknadane i *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* har vore knytt til støtte til kunstproduksjon og å vurdere tydeleg regional verdi. Dette har også vore omtala i saksframlegget ved tildelingane. Difor er det no gjort nokre revideringar for å betre kunne vurdere dette og gje søkerane betre informasjon om kva ein prioriterer.

Frå KULII, sak 85/20, 4.juni 2020: «Støtte gjennom desse støtteordningane er ikkje rettighetsbasert, og det er vanlegvis mange fleire kvalifiserte søkerar enn der er tilgjengelege midlar. I tillegg blir det teke omsyn til å fordele ut frå geografi og sjanger i den samla vurderinga.

Fylkesrådmannen ser også at det kunne vere trong for at søkjarar i større grad må omtale den regionale kulturverdien dei meiner å ha, og evt korleis dei skal oppnå dette. Dette bør takast med i vidare arbeidet med tilskotsordninga.

Det er funksjonskriteriet som er mest vanskeleg å vurdere, særleg i starten på eit prosjekt. Med denne store søknadsmengda er det prioritert hardt, og dei fleste av dei tilrådde prosjekta har regional verdi både ut frå funksjonskriteriet og geografisk kriterium. Dette har ført til at t.d. forprosjekt ikkje har blitt prioritert, og at det også er gitt avslag til utviklingsfasen av prosjekt. Meir strukturelle tiltak er også prioritert over utvikling av enkeltstående kunstprosjekt - jf at fylkeskommunen har eit tydeleg ansvar for utvikling og infrastruktur.»

Som ein ser heng også dei to problemstillingane saman. Fylkesdirektøren har gjennom dette året med den store søknadsmengda sett at ein kan hende bør setje høge krav for kva som skal vere av regional interesse og kva som dermed er eit regionalt ansvar. Den regionale verdien ser litt annleis ut i eit større fylke.

På den andre sida er det viktig å kunne stimulere mindre, nyskapande prosjekt og tiltak som skjer rundt om i fylket, og slik utviklar kulturliv og samfunn. Men det er kan hende ikkje hensiktsmessig at denne ordninga skal brukast til å støtte kunst i produksjonsfasen.

### **Søknadar om støtte til kunstproduksjon**

Det har i år vore ein stor del av søkjarmengda som gjaldt støtte til produksjon og produksjonsutvikling, og dette er ikkje optimalt i forhold til innretting og føremålet med ordninga. Det regionale ansvaret gjeld kulturoppgåver og kunst som har verdi for heile fylket eller større delar av det. Det kan vere vanskeleg å vurdere det enkelte kunstprosjekt sin regionale verdi i forkant.

Fylkesrådmannen har i år ut frå føremål og kriteria prioritert tiltak og prosjekt som har tydeleg, regional verdi, dvs. ofte knytt til geografisk utbreiing i tillegg til funksjon. Dei få som har fått tilskot til produksjonsfasen har då ein plan for utbreiing og formidling. Det er også prioritert prosjekt som involverer fleire kunstnarar, og meir strukturelle tiltak. Fylkesdirektøren har som hovudregel heller ikkje prioritert å tilrå ekstra støtte til tingingsverk til festivalar som får driftsstøtte over budsjett. Dette vart vurdert til å vere ein del av det festivalane søker om driftsstøtte for å oppfylle. Elles har fylkesdirektøren også elles hatt som hovudprinsipp å forholde seg økonomisk til infrastrukturen og ikkje dei kunstnarane som vert engasjert(td. støtte til utstillingar).

Dette er gyldig innanfor kriteria, men ikkje nokon god situasjon verken for dei som søker eller dei som skal vurdere søknadane. Det var difor varsla i begge dei to tildelingssakane at fylkesdirektør vil seinare sjå nærare på korleis fylkeskommunen skal forholde seg til kunstproduksjonsfeltet, kva ansvar ein har her, og kva reiskap ein evt bør innrette betre for å kome behova betre i møte.

Fylkeskommunen har eit særleg infrastrukturelt ansvar, og kan stille seg spørsmålet om den i det heile skal vere tett på enkeltkunstnarar. Fylkesdirektør meiner at fylkeskommunen bør ta eit visst ansvar for at det kan vere mogleg å leve som kunstnar og oppleve profesjonell kunst også utanfor dei større byane, og vere med på å stimulere dette.

Når det gjeld *formidling* av kunst i fylket kan denne ordninga vere god, men når det gjeld *produksjonsfasen* er ikkje ordninga innretta på rett måte for å vurdere dette. Då er det i størst grad den kunstnarlege verdien som må vurderast. Slik det no er sett opp er verken kriteriesettet, sakshandsamarar eller politikarar er velegna til dette. Det er også vanskeleg å justere det til å verte ei god innretting utan å gjere om heile ordninga og systemet - noko som då kunne gjere ordninga ueigna for andre typar søkjarar.

Politiske organ er ikkje dei rette for å skulle vurdere kva kunstnarlege enkeltprosjekt som skal få støtte eller ikkje. Det bør vere armlengds avstand og fagfellevurdering/fagkomitear involvert i kunstnarlege vurderingar. Dette er også vanskeleg å få til då det er mange typar søknader som kjem inn.

Kunststipenda har fått noko auke i budsjettet for 2021, og den ordninga er godt innretta for vurderinga av kunstnarleg verdi med fagkomitear som innstiller på stipend.

Fylkesdirektøren har difor vurdert det riktig at ein reviderer retningslinene for *Tilskot til prosjekt og tiltak - profesjonell kunst og kultur* slik at det no vert tydelegare kommunisert ut til potensielle søkjarar at den regionale verdien må vere høg og at ein ikkje kan løyve midlar til kunstproduksjon(gjeld alle sjangrar) i denne ordninga.

Informasjon og retningslinjer for 2020 ligg her: <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kunst--og-kulturutvikling/tilskot-til-prosjekt-og-tiltak--profesjonell-kunst-og-kultur/> . Framlegg til reviderte retningslinjer ligg som vedlegg til denne saka.

### Revideringa avsnitt for avsnitt

- Innleiande:  
siste setning om prioritering av inkluderande tiltak er stroke her og sett inn i vurderingskriteria
- Om regional verdi:  
«Begrepsavklaring» var tidlegare overskrift - den nye overskrifta er språkleg betre. Det er også stroke/bytt ut eit par setningar/omgrep av same grunn elles i avsnittet.
- Føremål med ordninga:  
Dei to første setningane er litt revidert, m.a. for å ikkje gje så sterke konnotasjonar til kunstproduksjon - som ein ikkje kan gje støtte til gjennom denne ordninga no.
- Kven kan søkje:  
Her har fylkesdirektør foreslått å innføre at ein må ha organisasjonsnummer for å søkje. Denne ordninga gjeld den profesjonelle delen av kunst- og kulturlivet som stort sett har eigne føretak og verksemder.
- Søknadsfrist:  
Retta til ein formulering som ikkje inneber dato men fastheld to søknadsfristar.
- Kva kan ein få støtte til:  
I starten har det vore forsøkt å formulere seg slik at ein får kommunisert ut enda tydelegare og betre at fylkeskommunen har eit regional kulturansvar og denne ordninga gjeld for tiltak og prosjekt med regional verdi.

Når det gjeld oppramsinga av kva det *ikkje* vert gitt støtte til er eit punkt omformulert frå «innspeling og utgjeving av litteratur, film og musikk (unntak kan vere dokumentasjon av kulturhistorisk verdi)» til «produksjonsfasen av kunst, det vere seg innan visuell kunst, musikk, scenekunst eller skjønnlitteratur». Dette for å tydeleggjere at ein ikkje gir til produksjonsfasen og at alle kunststartane er sidestilte her. Grunngevinga for å ikkje skulle gje tilskot til produksjonsfasen er omtalt i eige avsnitt over.

- Vurdering:  
I oppramsinga av vurderingskriteria er det gjort tre endringar som har ikkje har praktisk effekt og er meint å gjere denne oppramsinga språkleg klårare og betre. Omgrepet inkluderande er også sett inn som eit vurderingskriteria.

Elles er det i dette avsnittet også gjort det tydlegare at fylkeskommunen har eit særskild ansvar for å støtte opp under kunst og smalare uttrykk i distrikta. Dette er igjen naudsynt for å kunne oppretthalde eit slikt kunstliv også utanfor dei større byane.

- Krav til søknaden:  
Her er justeringane språklege og det er sett inn eit nytt punkt for å bevisstgjere søkjar på det regionale aspektet.
- Sakshandsaming og vedtak:  
Her er det stroke ei overflødig setning som heller bør stå i tilsegnsbrev og nettside.

- Oppfølging og rapportering:  
Dei som har fått tilskot i 2020 skal i hovudsak ha rapportert før dei får utbetaling. Her er dette sett inn i retningslinene og det er sett opp ein endeleg frist for rapportering. Det vert også sett inn ei formulering om at misleghald ol m.a. kan føre til tilbakebetaling. Dette står også i tilsegnsbreva.
- Klage: ingen endringar

#### Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

#### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune, og dette gjeld ei vedteke tilskotsordning som ligg i budsjett.

**Klima:** ikkje relevant her.

**Folkehelse:** Regionale planar for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle:

Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

**Regional planstrategi:** Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren ser dei reviderte retningslinene som betre for å klargjere føremålet med ordninga og kommunisere dette ut til potensielle søkjarar.